

Folkedanslaget i Bergen ungdomslag Ervingen byr inn til  
**Dans- og spelmaraton 28. januar 2023**

*Maraton er eit løp som går over 42 195 m. Ordet «maraton» blir ofte brukt for å skildra noko som krev stort uthald.*

*Vi inviterer spreke dansarar og spelemenn/-kvinner til å delta på årets kjekkaste uthaldsløp.*

**Stad:** 3. etg, Gimle, Kong Oscarsgate 18

**Tid:** frå 19.00 til 23.00

### Dans

I ein kveld fullstappa med mykje god dansemusikk vert det høve til å kunne svinga seg rundt på golvet i ein heftig dans. Berre hugs å stilla med godt utstyr som dansesko og ei ekstra skjorte eller to.

### Spel

Spelmennene driv stafett gjennom heile kvelden. Det er ope for fleire spenstige gruppesamansettingar og artige arrangement. **Påmelding innan måndag 16. januar.** Alle som spelar er òg velkomne på dansegolvet som dansarar.

### Kafé

Om ein skal dansa og spela ein kveld til endes, krev det påfylling av energi. Det får ein i kafeen. Her vert sal av forfriskingar heile kvelden.

### Lodd

Det vert sal av lodd denne kvelden. Eit lodd kostar 20 kr. Det vert trekking klokka 20:00 og 22:00, og vinnaren får med seg gåvekort for to personar på Bergen Kino.

Påmelding, spørsmål eller anna kan rettast til [kontoret@bergen.ungdomslag.no](mailto:kontoret@bergen.ungdomslag.no) / 55317446 eller til folkedanslaget ved Sindre Vatnehol ([sindre.vatnehol@gmail.com](mailto:sindre.vatnehol@gmail.com)).

Vel møtt!

Gro Vetås  
Dagleg leiar  
Bergen ungdomslag Ervingen  
[www.bergen.ungdomslag.no](http://www.bergen.ungdomslag.no)